

# Møtereferrat

**Møte:** Teams møte AU Nord  
**Tid/Sted:** Onsdag 27.05 kl 10 – kl 12  
**Tilstede:** Svein Slåtsveen, Tone Rubach, Bjørn Arne Skoglund, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Bente Børsheim, Håvard Knygh, Merethe Sund, Svein Inge Jakobsen og Magne Trondmo.  
**Forfall:**  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppe Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 27.05.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

- |   |  |  |
|---|--|--|
| 1 | <b>Orientering frå styret</b><br>Merethe orienterte om at vi har sikra oss andel av salet. Betydeleg salsauke i Austlandsbutikkane. God salsindeks på daglegvare, men lågt på PROFF. Bra grillsal så langt. Kostnad med korona usikkert, får betre oversikt i juni. Råvarelager: Betre måltal. NOVA: Tønsberg innført, stort sett bra. Måndag vert ny innmeldingsfrist. Bioco: God kontroll på produksjon. To konserndirektørar ansatt, på raudt kjøt og økonomi. Jobbar med konsernstrategi, klar i juni. Fastsett engrospris. Omsetningsavgift. Tilførselskampanje vedtatt. Industristruktur. Utgreiing storfeskjering under arbeid. Slakting av hest avvikla. Totalmarknad: Storfe – treff brukbart i forhold til prisløypa og utsett redusert tollsats. Gris – eksport innanfor rammene. Forventar uttak av reguleringslager. Lam og sau: Mykje lam på reguleringslager, god haldbarheit, men behov for auka sal. Jobbar med kjedene om lenger sesong på hausten. Ser på vektgrupper, samt jobbar med pris på sau av god kvalitet. |  |
|---|--|--|

Spørsmål/kommentarar:

- Viktig med trøkk i forkant av industristruktur
- Kva er årsaka til at slakting av hest er avvikla?
- Eige lager av lam godt redusert, så under målet pr no.
- Lette rasar av lam vert ramma av nye vektgrupper og prisar. Prisauke også på lam over 24 kg?
- Sauetalet aukar i sør, nedgang i Nordland. Auka pris på sau, men betyr lite når vi har auke frå nokre øre til 1 kr. Ingen prisauke på lam over 24 kg.
- Er lager av sau null? Håpar kjedene går med på forlenging av haustsesongen, ikkje tidlegare oppstart.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

- |   |  |  |
|---|--|--|
| 2 | <b>Orientering frå Medlem og Drift region Nord</b><br>Svein Inge orienterte om innmeldingsfrist kl 23.59 måndag på Min Side, på tlf fram til kl 08 på tysdag. Utgreiing skjering storfe. Hest: Vanskeleg med krav til ID, helsekort/medisinbruk, slakting og kjølerom for å unngå kontaminering. Mattilsynet har lagt ansvar til slakteria. Ingen av dei store konkurrentane slaktar hest. Bemanning: Jobbar med norsk bemanning, men opna også for Europa for å sikre faglærte. 15 produsentar og 11 frå kokkebransjen meldt seg på landsbasis. Region Nord fått på plass bemanning, m.a. frå Slovakia. |  |
|---|--|--|

Tilførselar: Betring på storfe, over 100 i indeks, også hos Horn. Småfe: Betre indeks enn Horn. Gris: Bjerka ramma av MRSA fortsatt.

Spørsmål/kommentarar:

- Brukar vi ikkje hestekjøtt i produkt lenger?

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

**3 Kretsaktivitet: Handlingsplanar og tildeling av midlar**

Brit Kari orienterte om kretsane sine handlingsplanar. Ikkje så mange kretsar har levert planar, avventar nok situasjonen i forhold til korona og mogelegheit for møter. Vil vere rom på budsjettet for tiltak som ikkje er planlagt no. Viktig at AU fylgjer opp ansvarskretsane, slik at det vert aktivitetar når situasjonen tillet det.

Vidare om oppfølging av Ny Giv kretsane Vefsn/Grane + Hattfjelldal og Vest-Finnmark.

Spørsmål/kommentarar:

- Svein har prata med nokre kretsar, og oppmoda til Teams møter.

**Vedtak: AU tek kretsane sine handlingsplanar til orientering, og fylgjer dei opp vidare.** AU

**4 Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane**

Bjørn Arne orienterte m.a. om varierende tilførsler av egg, med reduksjon inn mot høgtider, dvs stort privat sal. Vurderer tiltak. Har hatt kontakt med kretsleiar Øst-Finnmark, opptatt av sal av lam. Deltatt på Ny Giv-møte Vest-Finnmark.

Ragnhild orienterte frå fagutval småfe: Har hatt møte om auke av engrospris. Håpar på skikkeleg reduksjon av reguleringslager for prisauke etter kvart. Prisløypa blir omtrent som i fjor, litt mindre reduksjon på slutten av sesongen. Greidde ikkje å overbevise ny produsent som startar med gris i Steigen at Nortura er det beste slakteriet, gjekk til Horn.

Bente orienterte frå fagutval gris. Diskutert omsetningsavgift gris. Jobba med tilførselskampanje.

Fred Tore orienterte frå fagutval storfe, har jobba med status og oppdatering på prisløype og vilkår.

Håvard har hatt kontakt med to ansvarskretsar. I Hattfjelldal spm om sal av lam, føler seg ikkje prioritert. Fortvila over økonomien. I Vefsn/Grane opptatt av pris, samt vanskeleg å finne grillvarer av merkevarene.

Tone har fått lite innspel frå kretsane.

Svein har hatt kontakt med sine ansvarskretsar, lite engasjement.

Spørsmål/kommentarar:

- Kva er årsaka til at det stort sett er grillvarer av EMV i butikkane?
- Kan AU sende eit brev til kjøpmenn i region Nord, med kor viktig det er at det finnast Gilde og Prior varer og kva ringverknader det har for landbruket?
- Kor stort handlingsrom har den enkelte kjøpmann?
- Q-meieri og Folkets er også norske produkt, kva argument skal vi bruke?
- Foredling og fare for nordnorsk landbruk er viktige tema
- Dersom Nortura forsvinn, forsvinn det nordnorske landbruket. Ferjer pga bønder.
- Påverkar via styret i Coop Nordland
- Svein skriv eit forslag til tekst og sender til AU for innspel. Vurdere distribusjon via kretsleiarane eller på mail. Svein
- Magne avklarar tekst og opplegg med Tor Olav/kommunikasjonsavdelinga. Magne

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Svein lagar utkast til brev til daglegvarebutikkar.**

---

5 **Oppgaver for fri AU-medlem**

Svein ga uttrykk for at det er vanskeleg for fri AU-medlem som er utan tilknytning til dyreslag. Mogeleg endring i vedtektene slik at AU vert redusert, vurderast av vedtektskomitéen. To representantar i eit fagutval har vore diskutert, men vanskeleg då det vil vere regionar med større "tyngde". Mogeleg å støtte Svein og Tone i kontakt og oppfølging av andre organisasjonar.

Innspel/kommentarar:

- Fylgje opp fokus på våre merkevarer i butikk?
- Stor oppgave, men kan gjerne vere kontaktperson.
- Svein, Tone og Håvard tek eit Teams møte for å diskutere oppgaver, og lagar utkast til mogeleg løysing.

**Vedtak: Svein, Tone og Håvard tek eit Teams møte for å diskutere oppgaver for fri AU-medlem, og lagar utkast til mogeleg løysing.**

Svein

---

6 **Oppnemning av ressursgrupper**

Ressursgruppene oppnemnt i 2019 er vedlagt. Kwart AU-medlem vurderer behov for endringar i sine ressursgrupper.

Om ressursgruppene, jf Organisasjonshandboka: <https://medlem.nortura.no/innhold-i-organisasjonshandboka/narmere-om-medlemsorganisasjonen-article42500-18528.html>

*Dyreslagsrepresentantene i AU kan knytte til seg inntil tre produsenter innen dyreslaget, som kan kontaktes for å drøfte spørsmål på dyreslaget og å planlegge aktiviteter i regionen. Det skal være arbeidsutvalget som peker ut disse produsentene etter forslag fra dyreslagsrepresentanten (eller andre). Det vil være en fordel at disse pekes ut blant medlemmene i kretsutvalgene, fortrinnsvis kretsleder, slik at en gjennomgående representasjon ivaretas.*

*Tilførselsleder på dyreslaget i området skal ha nær kontakt med representanten for dyreslaget i AU og ressursgruppene.*

Innspel:

- Bente ynskjer uendra ressursgruppe gris, med fortsatt bidrag frå Håvard.
- Bjørn Arne: På egg ynskjer ikkje Kjell Arne Berg å bidra lenger. Ynskjer Teig Madsen i staden. Stig Arne Bjørnset kan også vere aktuell, Bjørn Arne spør han.
- Ragnhild ynskjer å behalde Glenn og Morten i ressursgruppe småfe.
- Fred Tore ynskjer å behalde ressursgruppa si.

Bjørn Arne

**Vedtak: Uendra ressursgrupper for gris, småfe og storfe. Bjørn Arne gjev Magne tilbakemelding om ressursgruppe egg, jf vedlegg.**

---

7 **Planlegging av 2-dagers møte 24. - 25.08**

Innspel/kommentarar:

- Bente ynskjer velkomen til Vega. Alternativt besøke anlegg sørpå, t.d. Rudshøgda.
- Felles møte med anna AU? Hente inn innleiarar frå konsernleiinga?
- AU Midt ynskjer felles møte med Innlandet, så AU Øst kan vere aktuelle.
- Magne sjekkar AU Øst, og Svein kontaktar RU-leiar.
- AU må gje innspel til tema på neste møte.
- Viktigheita av distrikt må belysast, t.d. regionale utfordringar.

Magne/  
Svein  
AU

**Vedtak: Magne jobbar vidare med planlegginga av 2-dagers møte 24. - 25.08.**

---

8 **Dato for neste møte**

Neste møte i AU er planlagt som eit tlf møte 18.06. Styret har no fastsett styremøte 18.-19.06. Vi må difor finne nytt tidspkt for AU-møtet.

Brit Kari orienterte om at det er planlagt tlf møte med AU Nord tysdag 02.06 kl 10 – kl 11.30 med Anne Marit Panengstuen. Tema industristruktur. Innkalling kjem.

Innspel:

- AU-møtet 18.06 vert flytta til måndag 22.06 kl 10 – kl 12.

**Vedtak: Tlf møtet 18.06 vert endra til eit Teams møte måndag 22.06 kl 10 – kl 12.**

---

9

**Eventuelt**

Svein Inge orienterte om at han i løpet av neste veke pga omorganisering skal jobbe 100 % på Drift. Meir info kjem.